

Fra: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>

Sendt: 29.06.2023 16:18:00

Til: Elisabeth Tverfjell <elisabethtverfjell@gmail.com>, Svein Arne Vågane <svein.arne.vagane@alver.kommune.no>

Kopi: Rita Merete Kjenes Hauge <rita_hauge@hotmail.com>

Emne: SV: tilleggsinformasjon rundt veiene på Hauge

Hei

Då har eg prøvd å svara på tidlegare innsendte spørsmål

1. Kan du sende oss godkjenningsskjal på bygging av vei tilbake til 2005/06? De ligger ikke i papirene til eiendommene 29/5 eller 29/3.

Svar:

Spm 1

Utdrag frå løyve til bygging av landbruksveg på gbnr 29/3 m.fl Arkiv sak 20/19384 og journalpost 20/82002 datert 30.12.2020

Kenneth Manger søkte om løyve for bygging av den ca 800 meter landbruksvegen Haugsneset i 2006. Dåverande Lindås kommune sin saksbehandlar planlagte vegtraseen og saksbehandla søknad om tilskot til landbruksvegen. Det vart løyvd og utbetalt offentlege tilskot til den omsøkte veggen. Såleis har kommunen indirekte gjeve løyve til bygging av veggen. Men den formelle sakshandsaminga og løyvet i form av eit vedtak vart ikkje gjort. Dette vert no gjort

Det viste seg at i kartet som låg med godkjenninga var traseen teikna lenger enn veggen var bygd, og det vart difor gjort nytt korrigerert vedtak

Vedtak om vegendring og godkjenning av veg arkivsak 20/19384 – 21/28302. Datert 27.04.2021

Det blei i 2006 søkt om bygging av ca 800 meter landbruksveg i vegklasse 4 til Haugsneset som blei handsama og godkjent desember 2020, Sjå vedlegg. Kommunen har ikkje klart å finne vedtak frå 2006/2007 sjølv om den er registrert i sakssystemet ØKS og det er gitt tilskot til bygginga. Deler av denne vegstrekning var ikkje tenkt bygd i denne traséen grunna manglande privatrettslege rettar.

Konklusjon:

Kommunen har ikkje kopi av vedtaket frå 2005/2006 og har difor gjort nye vedtak for at det formelle skal vera i orden. Det er sannsynleg at vedtaket vart fatta fordi det var føresetnad for statstilskot, men det finst ikkje i kommunen sitt arkiv.

Svar spm 3.

Eiere av 29/3 samtykket til å få bygget en tømmervei klasse 4, ikke en traktorvei, da en traktorvei ikke har verdi for hverken grunneiere eller veilag for øvrig siden veien var ment for tømmeruttak. Veien ble allikevel klasset til en klasse 7 traktorvei, til tross for at det ble utbetalt tilskudd for å få en klasse 4 vei. Ble tilskudd her krevd inn igjen?

(ref. Vedtak om vegendring og godkjenning av veg arkivsak 20/19384 – 21/28302. Datert 27.04.2021)

Kommunen v/Nils Kolås har vært på synfaring ved fleire høve og har konkludert med at vegen kan godkjennast i vegklasse 7 då den ikkje heldt til standarden i vegklasse 4 fleire plassar. Om ein i seinare tid ynskjer å få vegen godkjend i ein høgare vegklasse kan dette la seg gjera ved å senda ein søknad om ombygging og noko arbeid med vegen.

Det er mindre ting som skal til for å få vegen oppgradert til vegklasse 4, og det må vera opptil dei som eig vegen om dei vil gjera denne jobben. Det er ikkje uvanleg at det vert søkt om ein vegklasse og ferdiggodkjent i anna vegklasse. I ei sak som går heilt attende til 2007 finn ikkje kommunen at det er hensiktsmessig å krevja at den skal oppgraderast, men vel heller å godkjenne den slik den er bygd. Sjå for øvrig vedlagt skriv frå Nils.

Tilskotet vart utbetalt ein eller anna gong frå 2007. I slike saker vert det levert inn faktura som dokumenterer kostnad. Slik at det er samsvar mellom utgifter og tilskot. Det vil vera uaktuelt å krevja tilbake tilskot så lang tid etter jf foreldelse av økonomiske krav.

Konklusjon:

Vegen er godkjent i vegklasse den har etter bygging. Det er tatt ut ei stor tømmermengde på vegen, så det er ikkje korrekt at vegen ikkje har verdi. Det er ikkje aktuelt å krevja inn tilskot pga foreldelse.

Spm 2.

Er det normal prosedyre at kommunen kan godkjenne tiltak på eiendommer søkt om av andre enn eiere av eiendommen, uten at eiere blir informert eller samtykker?

Svar på spm 2.

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

Konklusjon

Dette standard formular står i vedtaksmal for landbruksvegar. I mange saker kan kommunen gje offentleg rettslege godkjenningar, også på annan manns grunn, men som det går fram må av teksten går ikkje dette framfor at ein må ha privat retten for å gjennomføra tiltaket.

Legg ved diverse dokumenter frå dei ulike sakene. Det er ikkje ei komplett utskrift av alt som er arkivert, men det som vedkjem desse spørsmål. Dersom de vil ha heile saksmappene må det fremja krav om innsyn-

Med venleg helsing

Laila Bjørge
Avdelingsleiar landbruk

Telefon: 56 171185/45375229
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE

Frå: Elisabeth Tverfjell <elisabethtverfjell@gmail.com>
Send: søndag 16. april 2023 12:09
Til: Svein Arne Vågane <svein.arne.vagane@alver.kommune.no>
Emne: Re: tilleggsinformasjon rundt veiene på Hauge

16/4-23.

Hei. Har fortsatt ikke fått svar på spørsmål sendt inn 12.02.23

Referansnr 20/19150-22/93245

Kort oppsummert:

- Kan du sende oss godkjenningsskjema på bygging av vei tilbake til 2005/06? De ligger ikke i papirene til eiendommene 29/5 eller 29/3.
- Er det normal prosedyre at kommunen kan godkjenne tiltak på eiendommer søkt om av andre enn eiere av eiendommen, uten at eiere blir informert eller samtykker?
- Eiere av 29/3 samtykket til å få bygget en tømmervei klasse 4, ikke en traktorvei, da en traktorvei ikke har verdi for hverken grunneiere eller veilag for øvrig siden veien var ment for tømmeruttak. Veien ble allikevel klasset til en klasse 7 traktorvei, til tross for at det ble utbetalt tilskudd for å få en klasse 4 vei. Ble tilskudd her krevd inn igjen?

Vi ønsker fortsatt en tettere dialog med kommunen fremover når det gjelder veiene på Hauge, slik at vi kan forhindre misforståelser og frustrasjon i fremtiden. Dere er fortsatt hjertelig velkommen til å komme på besøk/ befaring. Vi håper å få svar på spørsmålene våre, uavhengig av en eventuell jordskiftesak (vi har foreløpig ikke hørt noe mer om dette).

Mvh Elisabeth Tverfjell og Rita Hauge

søn. 12. feb. 2023 kl. 13:31 skrev Elisabeth Tverfjell <elisabethtverfjell@gmail.com>:

Mvh